

VI

Lindås kommune

Byggesak

Knarvik, 20.09.2016

Vedk. Tiltak på landbrukseigedom gbnr 58/6 Lygra Indre i Lindås kommune

Har fått forelagt søknad om tilbygg og nybygg på landbrukseigedomen gbnr 58/6. Søknad er endå ikkje sendt til byggesak, men det er sendt ut nabovarsling. Tilbygget på eksisterande driftsbygning er ca 70 m² og skal nyttast til redskapslager. Vidare vert det søkt om eit nybygg i nordaustleg retning i høve til eksisterande driftsbygning. Tilkomst på eksisterande landbruksveg.

Heimelshavar Ole-Andr  Moberg har landbruksdrift på garden og tiltaka er knytta til drifta. Tiltaka er såleis i tr d med planform let i kommuneplanen, LNF.

Med helsing
Lind s kommune
Lind s kommune
v/ Kjartan Nyhammer
Landbruksjef